

HALVÅRSRAPPORT

2017

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS



Halvårsrapport 2017

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2017 på 100 mill. kr. Resultatet er 30 mill. kr betre enn for 1. halvår i fjor. Kraftprisen i NO3 i 1. halvår var 27,2 øre/kWh, ein auke frå 22,9 øre/kWh i 1. halvår i fjor. Resultatet for 1. halvår er vurdert til å vere godt under dei rådande forhold.

Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde datterselskapa SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, Firdakraft AS og SFE Nett AS.

Datterselskapa Svelgen Kraft Holding AS, Svelgen Kraft AS, Vestavind Kraft AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS som er eigd 56% av SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Etrygg AS, Gloppen Energi AS og Eninvest AS er tilknytta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane Holding AS:	48,2 %
BKK:	38,5 %
7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,3 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i løpet av 1. halvår 2017 overdratt aksjane i SFE til sitt heileigde aksjeselskap Sogn og Fjordane Holding AS. Rekneskapen for SFE er avgjort etter IFRS-reglane.

1. halvår 2017

Rekneskapen for 1. halvår 2017 viser eit overskot for SFE-konsernet på 100 (70) mill. kr etter skatt. (Tal for 1. halvår 2016 i parentes).

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 27,2 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjor 22,9 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 993 GWh (1 039 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er auka med 25 mill. kr samanlikna med fjoråret. Urealiserte verdiendringar på kraftkontraktar aukar imidlertid inntektene med 45 mill. kr samanlikna med 2016. I fjor vart det kostnadsført urealiserte tap på 35 mill. kr medan det i 1. halvår i 2017 er inntektsført 10 mill. kr i urealiserte gevinstar på kraftkontraktar. SFE prissikrar delar av framtidig kraftproduksjon i den finansielle marknaden. Kraftprisen i denne marknaden er siste halvåret svakt redusert og dette gir

urealiserte gevinstar på prissikringskontraktar når desse vert vurdert til marknadspris. Driftsresultatet frå området er auka med 59 mill. kr frå 94 mill. kr i fjor til 153 mill. kr i år.

Transportert mengde i nettet var 381 GWh, dette er ein reduksjon på 1,7% frå 387 GWh i fjor. SFE Kraft har levert 431 GWh til kundar i sluttbrukarmarknaden. Dette er ein reduksjon på 62 GWh samanlikna med i fjor. Halvparten av denne reduksjonen er relatert til nettap og pliktleveranse som SFE Kraft i 2016 leverte til SFE Nett. Dette volumet handterer SFE Nett sjølv frå 2017. Redusert volum til større næringslivskundar forklarer mykje av den øvrige reduksjonen. Konkurransen i sluttbrukarmarknaden er svært stor og marginane er pressa.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 61 mill. kr. Dette er ein reduksjon frå 2016 då vi hadde eit driftsresultat på 80 mill. kr på området. Reknesaksreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettselskap kan krevje inn frå sine kundar. Driftsresultatet målt etter NGAAP-reglane der inntekt fastsett av NVE (inntektsramma) vert inntektsført er 27 mill. kr.

SFE er involvert i fleire pågåande strukturprosessar. Ein rapport om mogleg omdanning av produksjonsverksemda i BKK og SFE og delar av Hydro til eit selskap med delt ansvar (DA) vart lagt fram 15. august. I løpet av hausten skal det takast stilling til om dette utgreiingsarbeid skal vidareførast. SFE har også drøftingar om tettare samarbeid med Sunnfjord Energi. I juli vart det inngått avtale mellom SFE sitt datterselskap Svelgen Kraft Holding og Falck Renewables SpA om sal av 80% av aksjane i Vestavind Kraft AS. Denne transaksjonen er planlagt gjennomført 1. september, etter at bestemte vilkår i avtala er oppfylt.

Generalforsamlinga i SFE gjorde 26. juni vedtak om utsteding av teikningsrettar til eksisterande aksjonærar. Teikningsrettane kan nyttast fram til 2020, men berre i ein kort periode kvart år i etterkant av ordinær generalforsamling. Dersom teikningsrettane vert fullt ut nytta kan dette tilføre SFE inntil 350 mill. kr i ny eigenkapital. Formålet med emisjonen er å styrke selskapet i ein perioden med store investeringar. Utbygging av Østerbø kraftverk i Høyanger kommune har starta opp. Kraftverket vil ha ein total produksjonskapasitet på 165 GWh og vil ha ein utbyggingspris på 710 mill. kr. SFE eig 58% av prosjektet og BKK dei resterande 42%.

HMS

SFE har eit sjukefråvær på 3,09 % pr. 01.07.2017. Dette er lågare enn 1. halvår i fjor med 3,87%, og er like i overkant av målsettinga om eit fråvær under 3,0%. Gjennom tilbakemeldingar frå tilsette, organisasjonsmålingar og i bedriftshelsetenesta si kontakt

med tilsette og organisasjonen, får vi stadfesta at tilsette trivast og opplever at dei har eit godt, utviklande og engasjerande arbeidsmiljø. På fleire av dei sentrale områda skárar ein godt over landssnittet. Ein er merksam på at SFE er inne i ein hektisk periode med stor aktivitet innan nybygging og rehabilitering. Stor anleggsaktivitet kan gjere oss meir eksponert for skadar. Høg aktivitet kan også medføre høg arbeidsbelastning for enkelte. Til liks med fokus på skader i arbeid, har ein også eit sterkt fokus på tilsette si psykiske helse og faktorar som påverkar denne. Siste åra har SFE sine skadetal vore over snittet for bransjen. Det har dei fire siste åra, mellom anna gjennom eit ekstraordinert HMS-prosjekt, blitt jobba målretta og systematisk med å styrke HMS og sikkerheitskulturen i heile organisasjonen. Stor anleggsaktivitet har bidrege til skjerpa fokuset på rolla som byggherre. Ein har også gjennomført ein omfattande revisjon av HMS-arbeidet i konsernet, som har vore til god læring og eit positivt bidrag til det systematiske HMS-arbeidet. Målsettinga for 2017 er skadetal lågare enn bransjesnittet. Heile bransjen har utfordringar kring høge skadetal, og HMS er på dagsorden i alle selskap. Bransjen har ambisiøse målsettingar, med 20% årleg reduksjon i skadetal fram mot 2020. Bransjen har no gjort ei lita nedjustering og svekking av si målsettinga, medan SFE held fram den opprinnelige og ambisiøse målsetting. For H2 (antal skadar med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timer) er måltalet 8,4, medan faktisk skadetal siste 12 månadar er 16,57. Sjølv om vi ligg godt over målsettinga, har vi ingen alvorlege skader. SFE vil framleis ha eit høgt fokus på HMS og arbeide målretta for å komme innanfor dei definerte målsettingane, og ein overordna nullvisjon. Det ekstraordinære HMS-prosjektet held fram i 2017.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 651 (584) mill. kr. Driftsresultatet vart 214 (173) mill. kr. Resultatbetringa skriv seg frå betre resultat frå kraftproduksjon pga auka inntekter. Resultatet før skatt er 189 (140) mill. kr etter at netto finanskostnader på 25 (33) mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 100 (70) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 44 (32) mill. kr i overskotsskatt og 45 (38) mill. kr i grunnrenteskatt.

Driftsaktivitetar viser ein positiv kontantstraum på 7 (20) mill. kr. Det er investert 159 (122) mill kr i fysiske driftsmiddel i 1. halvår. SFE investerer årleg ca 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet for å sikre leveringstryggleik og ny produksjon nettelgong.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.17 er på 6.249 mill. kr. Konsernet har omlaupsmidlar på 422 mill. kr og 5.828 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.222 mill. kr, dette er ein reduksjon frå 2.262 mill. kr for eit år sidan.


Eigenkapitalen pr 30.06.17 er 2.506 mill. kr, det tilsvarer ein bokført eigenkapitalandel på 40%.

Framtidsutsikter


SFE reknar med å produsere meir enn middelproduksjonen på 1.908 GWh på årsbasis. Utvikling i kraftpris vil ha mykje å bety for resultatet i 2. halvår. Den finansielle marknaden tilseier ein pris for 2. halvår på same nivå eller noko lågare enn for 1. halvår. Vi ventar eit resultat for 2017 som er noko svakare enn resultatet for 2016.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 30. august 2017



Per Atle Kjøllesdal
- styreleiar -




Birger C. Schonberg
- nestledtar -



Arvid Lillehaugen
- styremedlem -




Olin Johanne Henden
- styremedlem -



Anne Marit Steen
- styremedlem -



Jan Helge Dale
- styremedlem -



Oddmund Årdal
- styremedlem -



Kjell Bakkebø
- styremedlem -



Geir Magne Enevold
- styremedlem -



Johannes Rauboti
- konsernsjef -



RESULTATREKNESKAP SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Tal etter International Financial Reporting Standards (IFRS)

(Beløp i 1000 kr)

	Note	1. halvår 2017	1. halvår 2016	Årsrekneskap 2016
Driftsinntekter				
Sal av kraft	1	427 375	368 734	836 917
Verdiendringer energikontrakter	2	10 807	-35 246	-43 380
Sal av overføringstenester	1	185 220	206 139	356 355
Andre driftsinntekter	1	27 928	44 083	78 681
Sum driftsinntekter		651 331	583 710	1 228 573
Driftskostnader				
Kjøp av kraft	1	154 450	120 414	273 015
Kjøp av overføringstenester	1	31 255	27 258	53 374
Løn og sosiale kostnader	1	110 221	116 090	217 183
Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel	1	-36 655	-33 606	-66 049
Avskrivningar	1	76 345	74 466	149 012
Nedskrivningar	1	600	275	4 597
Eigedomsskatt/avgifter	1	29 609	25 532	51 873
Andre driftskostnader	1	71 078	80 423	153 270
Sum driftskostnader		436 903	410 852	836 276
Driftsresultat		214 427	172 858	392 296
Finansielle postar				
Resultat frå investering i tilknytta selskap	2	4 376	59	4 689
Finansinntekter	2	3 809	8 535	45 630
Finanskostnader	2	34 865	41 726	88 999
Verdiendring derivater	2	-1 482	-182	-4 985
Netto finanskostnader		25 197	32 949	33 696
Resultat før skatt		189 230	139 909	358 601
Overskotsskatt		44 398	32 146	58 347
Grunnrenteskatt		44 655	37 667	110 957
Resultat etter skatt		100 177	70 096	189 297
Av dette minoritetsandel		8 131	1 556	4 770
Av dette SFE sin andel		92 046	68 540	184 527

UTVIDA RESULTAT SFE KONSERN

	1. halvår 2017	1. halvår 2016	Årsrekneskap 2016
Ordinært resultat etter skatt	100 177	70 096	189 297
Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:			
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler etter skatt	893	373	2 788
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter etter skatt	-20 808	5 332	14 773
Postar som seinare ikke kan reklassifiserast over resultat:			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	0	0	23 043
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	80 262	75 800	229 900
Av dette minoritetsandel	6 745	1 681	1 477
Av dette SFE sin andel	73 517	74 119	228 423



BALANSE 30.06.2017

SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

(Beløp i 1000 kr)

EIGEDELAR	Note	30.06.17	30.06.16	31.12.16
Fallrett		1 836 939	1 828 280	1 828 280
Øvrige materielle eigendalar		701 996	703 101	701 067
Varige driftsmidlar		3 016 290	2 921 269	2 951 068
Anleggsmidlar holdt for sal		14 596	0	1 851
Investering i tilknyttta selskap		100 386	52 137	96 010
Øvrige finansielle anleggsmidlar	2	140 439	108 331	174 288
Derivat	2	17 022	19 165	25 172
Anleggsmidlar		5 827 668	5 632 284	5 777 737
Varelager		27 738	33 342	45 901
Fordringar		198 657	318 956	200 865
Derivat	2	8 326	12 399	14 261
Kontantar og bankinnskot		186 858	225 144	287 917
Omlaupsmidlar		421 579	589 841	548 944
SUM EIGEDELAR		6 249 247	6 222 125	6 326 681

GJELD OG EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital		799 199	799 199	799 199
Opptent eigenkapital		1 000 963	855 054	1 004 587
Minoritetsinteresser		706 166	694 854	699 421
Eigenkapital		2 506 328	2 349 108	2 503 207
Pensjonsforplikting		48 640	96 128	48 640
Utsett skatt		949 328	952 903	950 915
Andre forpliktingar	2	108 580	101 114	96 621
Rentebærande langsiktig gjeld	2,3	1 515 284	1 645 780	1 716 034
Derivat	2	30 763	59 645	25 286
Langsiktig gjeld		2 652 595	2 855 571	2 837 496
Rentebærande kortsiktig gjeld		706 600	616 600	466 600
Betalbar skatt		81 072	79 332	223 688
Avsett utbytte		77 141	60 204	0
Anna rentefri gjeld		210 883	235 583	269 605
Derivat	2	14 627	25 727	26 086
Kortsiktig gjeld		1 090 324	1 017 446	985 979
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		6 249 247	6 222 125	6 326 681

Sandane 30.08.2017

Per Atle Kjøllestad
-styreleder-

Birger C. Schonberg
-neststyreleder-

Olin Johanne Henden
-styremedlem-

Anne Marit Steen
-styremedlem-

Arvid Lillehaugen
-styremedlem-

Jan Helge Dale
-styremedlem-

Johannes Raabøli
-konsernsjef-

Oddmund Ardal
-styremedlem-

Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-

Geir Magne Evebø
-styremedlem-

KONTANTSTRAUMANALYSE

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS - KONSERN

(Beløp i 1000 kr)

Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	30.06.2017	30.06.2016	31.12.2016
Ordinært resultat før skattekostnad	189 230	139 908	358 601
Betalte skattar i perioden	-220 112	-89 464	-65 429
Avskrivningar	76 345	74 466	149 012
Nedskrivningar	600	275	4 597
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	-6 351	0	0
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå investering i tilknytta selskap utan kontanteffekt	5 038	-60	-7 585
Verdiendring finansielle anleggsmidlar utan kontanteffekt	0	0	-25 345
Verdiendring energi-, rente- og valutakontrakter utan kontanteffekt	-19 134	35 064	-7 387
Endring i behaldning av driftsmateriell	18 363	100	-16 417
Nedskrivning av aksjar	0	500	500
Endring i kundefordringar	-2 384	-69 013	19 670
Endring i leverandørgjeld	18 738	17 011	12 749
Endring i pensjonsforpliktingar	0	0	-13 815
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-42 529	-88 732	-21 563
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	7 728	20 056	387 588

Kontantstraum frå investeringsaktivitetar

Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-159 191	-121 962	-286 242
Innbetalingar ved sal av varige driftsmidler	9 701	0	0
Utbetaling ved auke av langsiktig fordring	0	0	-15 818
Kontantar innkonsolidering døtre	0	0	11
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	0	-47 467	-47 453
Utbetaling ved utlån	-277	0	0
Innbetaling frå utlån	318	0	7 132
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-149 449	-169 429	-342 370

Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar

Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	60 000	425 000	390 000
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-260 000	-330 000	-220 000
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	500 000	360 000	450 492
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	-260 000	-300 000	-540 000
Innbetaling av utbytte	662	0	2 896
Utbetaling av utbytte	0	0	-60 204
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	40 662	155 000	23 184

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	-101 059	5 627	68 402
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	287 917	219 516	219 516
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	186 858	225 144	287 917

OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

(Beløp i 1000 kr)	Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontantstraumsikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritetsinteresser	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2016	799 199	847 074	-5 934	841 139	693 173	2 333 512
Resultat 30.06		68 540		68 540	1 556	70 096
Avsett utbytte for 2015		-60 204		-60 204		-60 204
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			373	373		373
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			5 208	5 208	124	5 332
Eigenkapital 30.06.2016	799 199	855 410	-353	855 054	694 854	2 349 108
Årets resultat		184 527		184 527	4 770	189 297
Utbetalt utbytte for 2015		-60 204		-60 204		-60 204
Estimatavvik pensjoner		23 043		23 043		23 043
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			2 788	2 788		2 788
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			13 296	13 296	1 477	14 773
Eigenkapital 31.12.2016	799 199	994 440	10 150	1 004 587	699 421	2 503 207
Resultat 30.06		92 046		92 046	8 131	100 177
Avsett utbytte for 2016		-77 141		-77 141		-77 141
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			893	893		893
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-19 422	-19 422	-1 386	-20 808
Eigenkapital 30.06.2017	799 199	1 009 345	-8 379	1 000 963	706 166	2 506 328

Notar til halvårsrekneskapen

30.06.2017

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapet for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2017 er avslutta pr. 30.06.2017 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapet omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknytta selskap. Halvårsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedtatt i selskapet sitt styre 30.august 2017.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapet gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapet og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2016. Nytt rekneskapsprinsipp og berekningsmetodar er dei same som er omtalt i note 2 i konsernet sitt årsrekneskap for 2016. Vi har ikkje identifisert nye IFRIC, nye standardar eller endringar i standardar som påverkar rekneskapet vesentleg utover dei som vart lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapet for 2016.

Note 1: Segmentinformasjon

Segmentrekneskapet vert avgjort etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegmenter i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemeld er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, SFE Kraft AS, Vestavind Kraft AS (VK), Bremangerlandet Vindpark AS (BV), Lutelandet Energipark AS (LE), Svelgen Kraft AS (SVK) og Svelgen Kraft Holding AS (SKH). SVK og SKH er eigd med 56 % av SFE Produksjon AS og inngår som ein del av SFE-konsernet. SKH eig 100 % av aksjane i VK og BV. VK eig 100 % av aksjane i LE.

Segmentet Energi omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjonsportefølgje frå heileigde, deleigde og leigde kraftverk med fysisk krafthandel på Nordpool Spot og finansiell krafthandel på Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også sal av kraft til sluttbrukarar og forvaltning av større sluttbrukarar

sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemde innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

Nettverksemda si hovedverksemde er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleie av fiber og noko entreprenørarbeid.

Tenesteyting er selskapet Sogn og Fjordane Energi AS saman med dei to heileigde datterselskapa Trolleskjær Næringsbygg AS og Energilab Sogn og Fjordane AS. Sogn og Fjordane Energi er mor-selskapet i konsernet og yter hovudsakleg tenester internt i konsernet.

Kolonna for eliminering viser eliminering av interne transaksjonar mellom segmenta ved konsolidering i konsern.

SEGMENTRESULTAT 30.06.2017					
(beløp i 1000 kr)	Energi	Nett-verksemde	Tenesteyting	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:					
Sal av kraft	562 929	0	0	-135 554	427 375
Verdiendring energikontrakter	10 807	0	0	0	10 807
Sal av overføringstenester	0	195 360	0	-10 140	185 220
Andre driftsinntekter	5 704	25 743	35 066	-38 585	27 928
SUM DRIFTSINNTEKTER	579 400	221 103	35 066	-184 279	651 331
Driftskostnader:					
Kjøp av kraft	281 117	9 428	0	-136 095	154 450
Kjøp av overføringstenester	15 065	25 788	0	-9 598	31 255
Løn og sos. kostn.	32 183	57 869	20 169	0	110 221
Aktivering av eigne tilvirkta driftsmiddel	-11 167	-25 488	0	0	-36 655
Avskrivningar	38 676	34 635	3 035	0	76 345
Nedskrivningar	600	0	0	0	600
Eigedomsskatt/avgifter	25 756	3 710	143	0	29 609
Andre driftskostnader	44 206	54 114	11 343	-38 585	71 078
SUM DRIFTSKOSTNADER	426 436	160 056	34 690	-184 278	436 903
DRIFTSRESULTAT	153 004	61 047	376	0	214 427
Inntekt inv. i tilknytta selskap	846	246	3 284	0	4 376
Netto finanspostar	-18 511	-8 271	-4 274	0	-31 056
Verdiendring derivater	0	0	1 482	0	1 482
Resultat før skatt	135 339	53 022	868	0	189 229
Skattekostnad	76 936	12 726	-609	0	89 053
Resultat etter skatt	58 403	40 296	1 477	0	100 176

SEGMENTRESULTAT 30.06.2016

(Beløp i 1000 kr)	Energi	Nett-verksemd	Teneste-yting	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:					
Sal av kraft	495 960	0	0	-127 226	368 734
Verdiendring energikontrakter	-35 246	0	0	0	-35 246
Sal av overføringstenester	0	191 536	0	14 603	206 139
Andre driftsinntekter	12 377	40 597	34 418	-43 309	44 083
SUM DRIFTSINNTEKTER	473 091	232 133	34 418	-155 932	583 710
Driftskostnader:					
Kjøp av kraft	240 393	7 434	0	-127 413	120 414
Kjøp av overføringstenester	12 467	0	0	14 791	27 258
Løn og sos. kostn.	33 533	60 768	21 789	0	116 090
Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel	-7 992	-25 611	-3	0	-33 606
Avskrivningar	36 858	35 018	2 591	0	74 467
Nedskrivningar	275	0	0	0	275
Eigedomsskatt/avgifter	22 225	3 158	149	0	25 532
Andre driftskostnader	41 490	71 535	10 709	-43 311	80 423
SUM DRIFTSKOSTNADER	379 249	152 302	35 235	-155 932	410 852
DRIFTSRESULTAT	93 842	79 831	-817	0	172 858
Inntekt inv. i tilknytta selskap	-939	333	666	0	59
Netto finanspostar	-24 874	-10 035	1 719	0	-33 190
Verdiendring derivater	0	0	182	0	182
Resultat før skatt	68 029	70 129	1 750	0	139 909
Skattekostnad	52 029	17 209	574	0	69 813
Resultat etter skatt	16 000	52 921	1 176	0	70 096

SEGMENTRESULTAT 2016					
(Beløp i 1000 kr)	Energi	Nett-verksemd	Teneste-yting	Elimin-ering	Konsern
Driftsinntekter:					
Sal av kraft	869 576	0	0	-32 659	836 917
Verdiendring energikontrakter	-43 380	0	0	0	-43 380
Sal av overføringstenester	0	373 370	0	-17 015	356 355
Andre driftsinntekter	22 857	73 932	69 437	-87 544	78 682
SUM DRIFTSINNTEKTER	849 053	447 302	69 437	-137 218	1 228 573
Driftskostnader:					
Kjøp av kraft	287 244	18 196	0	-32 425	273 015
Kjøp av overføringstenester	24 044	45 791	0	-16 461	53 374
Løn og sos. kostn.	66 238	110 734	40 211	0	217 183
Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel	-18 996	-47 052	0	0	-66 048
Avskrivningar	75 910	67 654	5 449	0	149 012
Nedskrivningar	4 597	0	0	0	4 597
Eigedomsskatt/avgifter	42 118	6 781	341	2 634	51 874
Andre driftskostnader	84 796	136 141	23 299	-90 966	153 270
SUM DRIFTSKOSTNADER	565 951	338 245	69 300	-137 218	836 276
DRIFTSRESULTAT	283 102	109 057	137	0	392 296
Inntekt inv. i tilknytta selskap	1 154	333	3 202	0	4 689
Netto finanspostar	-45 058	-12 481	14 171	0	-43 368
Verdiendring derivater	0	0	4 983	0	4 983
Resultat før skatt	239 198	96 909	22 493	0	358 601
Skattekostnad	148 064	23 020	-1 780	0	169 304
Resultat etter skatt	91 134	73 889	24 273	0	189 297

Note 2: Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

(Beløp i 1000 kr)	30.06.2017	30.06.2016	2016
Sal av kraft, herav urealiserte verdiendringar kraftkontrakter	10 807	-35 246	-43 380
Finansinntekter, herav inntekt på investering i tilknytt selskap	63	-472	-363
Finanskostnader, herav urealiserte verdiendringar på rentekontrakter	-1 482	-182	-4 983

Vurdering av verkeleg verdi:

- Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk eigedel eller forplikting.
- Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for eigedelen eller forpliktinga.
- Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

Finansielle kraftkontrakter:

Nivå 1: Verdien av Nasdaq OMX-kontraktene vert henta frå Nasdaq OMX sine eigne lister.

Nivå 2: Verdien av bilaterale kraftkontrakter vert berekna på grunnlag av marknadspriskurva hos Nord Pool (systempris) dei nærmaste åra og deretter på eigne prisestimat basert på input frå ulike aktørar i kraftmarknaden samt avtalte kraftvolum og prisar. Europrisane på kraft vert omrekna til norske kroner. Omrekningskursen/terminkursen for EURNOK vert berekna på grunnlag av EURNOK spotkurs og marknadsrentekurvene for høvesvis norske renter og eurorenter.

Aksjar:

Nivå 3: Investeringar i unoterte aksjar måler vi til kjøpskost, siste emisjonskurs eller vår del av eigenkapitalen i selskapet.

Rentebytteavtaler

Nivå 2: Verkeleg verdi av rentebytteavtaler bereknast ut frå framtidig rentekurve. Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad vert fastsatt ut frå verdettingsmetodar. Desse verdettingsmetodane maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og er minst mogleg bygd på konsernet sine eigne estimat.

Valutaderivat

Nivå 2: SFE sel euro gjennom terminkontrakter. Verdien på terminkontraktene blir berekna på grunnlag av berekna terminkurs for EURNOK, løpetid for kontrakta og avtalt valutabeløp. Terminkursen blir berekna ut frå spotkursen på verdettingstidspunktet og marknadsrentekurvene for hhv norske renter og eurorenter (dekka renteparitet).

Frikraftforpliktingar

Nivå 3: SFE leverer frikraft til grunneigarar som kompensasjon for fallrettar. Noko av denne frikrafta vert gjort opp finansielt. Kontrakter der noko av oppgjeret vert gjort finansielt skal handsamast etter IAS 39. Desse avtalene representerer ein årleg kostnad i storleiksorden 3,8 MNOK. Vi balanseførar verdien av desse avtalane som ei gjeld. Etter SFE si vurdering reflekterer balanseført verdi ein øvre verdi av det som marknadsdeltakarar på måletidspunktet ville betalt for å overføre forpliktinga under dei gjeldande marknadsforholda. Det eksisterer ikkje noko aktivt marknad for frikjøp av frikraftforpliktingar eller identiske forpliktingar. Vi kjenner heller ikkje til konkrete avtaler om frikjøp av frikraftforpliktingar. SFE har derfor fastsett marknadsverdi basert på skjønn.

Eigedelar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
(beløp i 1000)				
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	2 820	2 631		5 450
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	6 564			6 564
Finansiell leigeavtale				
Aksjar			48 736	48 736
Rentebytteavtaler - heldt for sal				-
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring				-
Rentebytteavtaler - verdisikring		10 615		10 615
Valutasikring - kontantstraumsikring		-		-
Sum finansielle eigedelar til verkeleg verdi	9 384	13 245	48 736	71 365
Forpliktingar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	16 035	2 176		18 211
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	1 169			1 169
Frikraftforpliktingar			108 580	108 580
Rentebytteavtaler - heldt for sal		10 378		10 378
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring		5 369		5 369
Rentebytteavtaler - verdisikring				-
Valutasikring - kontantstraumsikring		14 157		14 157
Sum finansielle forpliktingar til verkeleg verdi	17 204	32 080	108 580	157 864

Note 3: Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2017

Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

Børsticker (Oslo Børs)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydende (mill kr)
SFEN44	NO0010796774	08.06.17	08.12.17	100
	NO0010795362	24.05.17	24.05.18	100

Innfridde sertifikat-/obligasjonslån i perioden:

Børsticker (ABM)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydende (mill kr)
SFEN21 PRO	NO0010559917	13.01.10	13.01.17	400
SFEN42 PRO	NO0010776651	13.04.16	13.04.17	100
	NO0010778244	04.05.16	04.05.17	100

Note 4: Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risiki gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risiki. Døme på operasjonelle risiki er skade på egedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på egedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flom eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risiki som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikoforholda.

Den hydrologiske balansen (vassmagasin og snø) i Norge og Sverige har forbetra seg betydeleg i perioden april-juli 2017. Frå eit estimert underskot på nesten 10 TWh (i høve til eit normalår) ved inngongen til 2. kvartal, ligg balansen no medio august i pluss 3-4 TWh. Dette skuldast i hovudsak ein betydeleg våtare sommar enn normalt. Isolert sett vil ei slik utvikling gje lågare spotprisar i Norden, men låg kjernekraftutnytting både i Norden og Kontinentet i sommar samt stigande prisar på kolkraft i Europa, har støtta opp om spotprisane og dei har difor (i snitt) halde seg over det som var venta i april. Prisane i prisområda sør for Nord-Norge har halde seg over 22 øre/kWh i sommar og er no venta å stige til 26-27 øre fram mot årskiftet (gjennomsnittsprisar).

For ytterliggare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til note 3 i årsrekneskapen for 2016.

Note 5: Standarder, endringar og fortolkningar til eksisterande standarder som ikkje er trådt i kraft og der konsernet har valt å ikkje ta dei i bruk ved halvårsrapporteringa for 2017

Fleire nye standarder, endringar i standarder og fortolkningar er pliktige for framtidige årsrekneskap.

IFRS 9 Finansielle instrument

I juli 2014 publiserte IASB det siste delprosjektet i IFRS 9 og arbeidet med standarden er no ferdig. IFRS 9 medfører endringar knytt til klassifisering og måling, sikringsbokføring og nedskrivning og vil erstatte IAS 39 Finansielle instrumenter – innrekning og måling. Dei delane av IAS 39 som ikkje er endra som ledd i dette prosjektet er overført og tatt inn i IFRS 9. Endringane trer i kraft frå og med rekneskapsåret 2018. Vi forventar ikkje noko vesentlege effekt av implementeringa av IFRS 9 med unntak av ytterligare krav til noteopplysninga.

Vi reknar heller ikkje med ei vesentleg endring i bruk av sikringsbokføring på grunn av den nye standarden.

IFRS 15 Inntekter frå kundekontrakter

IFRS 15 er ein ny felles standard for inntektsføring. IFRS 15 Inntekter frå kundekontrakter erstattar alle eksisterande standardar og fortolkningar for inntektsføring. Hovudprinsippet for IFRS 15 er at inntekter vert rekneskapsført når ein kunde oppnår kontroll over ei vare eller ei teneste og kunden dermed har moglegheit til å bestemme bruken av og kan motta fordelane frå vara eller tenesta. Inntektsført beløp skal reflektere vederlaget som eit foretak forventar å ha rett til i bytte for varer eller tenester til ein kunde. Standarden gjeld for alle type kontrakter som gir eit form for vederlag og inneholder også ein modell for innrekning og måling for sal av enkelte ikkje-finansielle eigedeler (til dømes sal av eigedom, anlegg og utstyr). Standarden er basert på ein femstegsmodell der steg 1 er identifisering av ei kundekontrakt, steg 2 er identifikasjon av leveringsforpliktinga i kontrakten, steg 3 er fastsetting av transaksjonspris, steg 4 er allokering av transaksjonsprisen til separate leveringsforpliktingar og steg 5 er inntektsføring ved oppfylling av leveringsforplikting.

IFRS 15 skal implementerast enten ved bruk av full retrospektiv eller modifisert metode. Endringane trer i kraft frå og med rekneskapsåret 2018.

SFE forventar ingen vesentlege effektar av IFRS 15.

IFRS 16 Leigeavtaler

IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og noteopplysningar for leigeavtaler. Standarden krev at leigetakar balansefører eigedelar og gjeld for dei fleste typar leigeavtaler. Standarden inkluderer to unntak frå kravet om balanseføring, leige av eigedelar med låg verdi og kortskiktige leigeavtaler på 12 månader eller kortare. Etter IFRS 16 er ei leigeavtale ei kontrakt som overfører retten til å nytte den underliggende eigedelen for ein periode mot eit vederlag. Ei kontrakt overfører retten til å kontrollere bruken av ein identifisert eigedel dersom kunden gjennom leigeperioden har rett til å (1) motta så godt som alle dei økonomiske fordelane frå bruken av den identifiserte eigedelen og (2) bestemme bruken av den identifiserte eigedelen.

Standarden er foreløpig ikkje godkjent av EU, men ein reknar med at standarden vil gjelde frå 01.januar 2019. Standarden medfører at SFE må balanseføre nokre fleire eigedelar enn i dag. Beløpa vert ikkje vesentlege.

IFRIC 22 Transaksjonar og forskotsbetalingar i valuta

IFRIC 22 er ei fortolkning av IAS 21 Verknadane av valutakursendringar. Fortolkninga gir rettleiing på fastsetting av tidspunkt for transaksjon og dermed kva valutakurs som skal nyttast når betaling skjer på forskot. Dei nye retningslinjene vil vere gjeldande både for sal og andre type transaksjonar i utanlandsk valuta der betalinga vert gjennomført før tidspunktet for transaksjon. Endringa går ut på at tidspunktet for transaksjon skal vere det tidligaste tidspunkt for innrekning av forskotet og dato for innrekning av sjølve eidelelna som kostnaden eller inntekta er relatert til. Dersom transaksjonen vert gjennomført i fleire trinn (til dømes ved fleire betalingar) skal tidspunktet for transaksjonen fastsettast for dei ulike trinna.

Endringa trer i kraft frå og med rekneskapsåret 2018. Vi forventar ikkje at endringa vil medføre vesentlege endringar for SFE.

Note 6: Anna informasjon

Sal av 80 % av aksjane i Vestavind Kraft AS:

SFE eig 56 % av Svelgen Kraft Holding AS (SKH) som igjen eig 100 % av Vestavind Kraft AS (VK). SKH har den 10.07.2017 inngått avtale med det italienske fornybarselskapet Falck Renewables (Falck) om sal av 80 % av aksjane i VK. Gitt at alle føresetnader er oppfyllt vert salet gjennomført den 01.09.2017. Rekneskapsmessig verknad er frå same dato. VK vil skifte namn til Falck Renewables Wind AS, og dette selskapet skal eigast 80% av Falck og 20% av SKH. Falck Renewables Wind AS vil eige konsesjonane på to vindkraftanlegg, eit i Bremanger kommune (Hennøy) og eit i Selje kommune (Okla). Desse prosjekta har ein planlagt installasjon på 70 MW, noko som kan gje ein årleg produksjon på 230 GWh.

SKH har gitt garantiar i samband med salet av aksjeposten på 80 % til Falck på 10 MNOK. Garantien løper i 18 månader etter gjennomføring av transaksjonen. I tillegg er det gitt garantiar om størrelsen på eigenkapitalen i SKH i 24 månader etter transaksjonen. Det ligg også føringar på kven som kan eige majoriteten av aksjane i SKH fram til og med 31.12.2021. Brot på garantiane knytt til eigenkapital og eigarsamansetning kan medføre erstatning til kjøpar.

Dei tilsette vil halde fram i eit nyoppredda selskap under SKH, Vestavind Energi. Vestavind Energi skal følgje opp eigarselskapet til sin resterande vindkraftportefølje og i tillegg selje konsulenttenester innan vindkraft.

Opsjon Østerbø kraftverk:

I februar i år vedtok konsernstyret å bygge ut Østerbø kraftverk i samarbeid med BKK AS. SFE sin andel er 58% av ei forventa totalinvestering på 710 MNOK, dvs. SFE sin andel er 412 MNOK. Det er inngått ei avtale mellom BKK AS og SFE som gir BKK AS rett til å trekke seg frå prosjektet i tida fram til kraftverket er kome i drift. SFE har då rett og plikt til å overta BKK AS sin del. Ei utøving av denne opsjonen vil auke SFE sine investeringar og finansieringsbehov med ca. 300 MNOK.

Nettanlegg Sentralnett:

Dagens tre nettnivå sentralnett, regionalnett og distribusjonsnett vert erstatta av nettnivå transmisjon og distribusjon. Transmisjon er i hovudsak dagens sentralnett, i hovudsak alt nett over 200kV, og 132kV med vesentleg betydning for drifta av øvrig transmisjonsnett. OED fastsett kva som er transmisjonsnett. Bl.a vert heile sentralnettet transmisjon med mindre OED fastset anna, men kan omdefinerast etter enkeltvedtak av NVE/OED. Dersom nett er definert som transmisjon skal dette i praksis eigast av Statnett. SFE Nett har søkt NVE om omklassifisering av dagens 132kV sentralnett frå Høyanger/Mel i sør til Haugen (Ørsta) i nord, frå transmisjon til overordna distribusjon i samband med overgang til to nettnivå. Grunngjevinga er at nettet har endra funksjon etter idriftsetting av 420kV Ørskog/Sogndal, og har funksjon som regional/distribusjonsnett, ikkje transmisjon. Fagleg er SFE Nett trygg på at nettet ikkje har transmisjonseigenskapar. Dersom NVE/OED likevel ikkje gjer omklassifiseringsvedtak, vil ei stor anleggsmasse, og ein vesentleg del av SFE Nett sine overordna anlegg, måtte selgjast til Statnett. Bokført verdi av anlegga er ca 300 MNOK.

Skattesak Svelgen Kraft Holding AS (SKH):

30.mars mottok SKH vedtak frå skatteetaten om endra likning for 2010. Auka i skattekostnad utgjer 21,7 MNOK. Det er gjort rekneskapsmessig avsetjing for denne kostnaden inkludert renter i rekneskapen for 2015. Styret i SKH vedtok i styremøte 15.mai å stevne staten inn for domstolane. Frist for å ta saka inn for domstolane er 30. september.

Frittståande teikningsrettar:

Generalforsamlinga i SFE vedtok i møte 26.06.2017 å utstede frittståande teikningsrettar som kan nyttast til og med den 26.06.2020. Maksimal auke av

aksjekapitalen som følgje av bruk av teikningsrettane er 56,913 MNOK. I tillegg kjem overkurs. Vert alle teikningsrettane nytta, er SFE sin samla tilførsel av eigenkapital på 350 MNOK. Første tidspunkt for teikning er september 2017.

Strukturutgreiingar der SFE er involvert:

For å møte endringane i energisektoren og stå best rusta for framtida, vurderer Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) og SE å arbeide tettare saman. Førebelser er selskapa opne for ulike måtar å samarbeide tettare på. Det kan resultere i at selskapa vel å samarbeide tettare på utvalte områder, men om begge selskapa skulle finne ut at felles selskap tener selskapa, eigarane og kundane best, så vil eigarane få forslag om samanslåing av selskapa til vurdering.

Samstundes som SFE og SE utgreier tettare samarbeid, er det samtalar mellom SFE, BKK AS og Hydro om å etablere eit felles vasskraftselskap. I ei pressemelding 15.august informerte partane om ein rapport som omtaler konsekvensane av å etablere eit felles vasskraftselskap. Rapporten finn ein på SFE si heimeside. Både prosessen med SE om eit tettare samarbeid og felles vasskraftselskap med BKK og Hydro pågår uavhengig av kvarandre.

Erklæring frå styret og konsernsjef



Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2017 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Konsernrekneskapen for 1. halvår 2017 for Sogn og Fjordane Energi AS er avgitt i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards).

Etter vår beste overtyding:

- er rekneskapen for 1. halvår 2017 for konsernet utarbeida i samsvar med gjeldande lover og rekneskapsstandardar
- gir opplysningar i rekneskapen ein rettvisande og heilskapleg oversikt over konsernet sine eidegar, gjeld og finansielle stilling og resultat per 30.06.2017
- gir rekneskapen for 1. halvår 2017 ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga, resultatet og stillinga til konsernet
 - dei mest sentrale risiko- og usikkerheitfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane 30.08.2017


Per Atle Kjøllesdal
-styreleiar-
Birger C. Schønberg
-nestleiar-
Arvid Lillehaugen
-styremedlem-
Olin Johanne Henden
-styremedlem-
Anne Marit Steen
-styremedlem-
Jan Helge Dale
-styremedlem-
Oddmund Årdal
-styremedlem-
Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-
Geir Magne Enevold
-styremedlem-
Johannes Raubøi
-konsernsjef-

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

UTTALELSE VEDRØRENDE FORENKLET REVISORKONTROLL AV DELÅRSREGNSKAP

Vi har utført forenklet revisorkontroll av delårsregnskapet for konsernet Sogn og Fjordane Energi AS. Delårsregnskapet består av konsernbalanse per 30. juni 2017, resultatregnskap, utvidet resultat, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømanalyse for seksmånedersperioden 1. januar til 30. juni 2017 og av beskrivelsen av regnskapsprinsipper og andre noter.

Styrets og daglig leders ansvar for delårsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide delårsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et delårsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vi har utført vårt arbeid i samsvar med den internasjonale standarden ISRE 2410 «Forenklet revisorkontroll av delårsregnskaper, utført av foretakets valgte revisor».

En forenklet revisorkontroll av regnskap består i å rette forespørslar til selskapets ledelse og andre som er involvert i utarbeidelsen av delårsregnskapet, gjennomføre analyser og evaluere innhente bevis. Dersom revisor blir oppmerksom på forhold som indikerer at delårsregnskapet kan inneholde vesentlige feil, må revisor utføre ytterligere kontrollhandlinger.

Forenklet revisorkontroll av regnskap er betydelig mindre omfattende enn en revisjon i henhold til de internasjonale revisjonsstandardene og vi kan derfor ikke avgjøre en revisjonsberetning til dette delårsregnskapet.


Etter vår oppfatning har vi i vår forenklede revisorkontroll innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi har ikke avdekket forhold som gir oss grunn til å mene at delårsregnskapet ikke gir et rettvisende bilde i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU.

Bergen, 30. august 2017

Deloitte AS


Helge-Roald Johnsen
statsautorisert revisor